



Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudstenesta

Fastsett av Kyrkjemøtet 2011.

Gjeld frå 1. s. i advent 2011 og skal takast i bruk seinast 1. s. i advent 2012.

Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudsteneste er fastsett av Kyrkjemøtet 10. april 2011 i samtykke med kongeleg resolusjon av 13. oktober 2006, med heimel i Noregs Grundlov § 16.

Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudsteneste inneheld:

- A Regelverk og definisjonar
- B Reglar for den enkelte hovudgudstenesta
- C Reglar for fastsetjing av Lokal grunnordning
- D Avgjerdsmakt
- E Ikraftsetjing og overgangsreglar

A | Regelverk og definisjonar

- 1 «Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudsteneste» og «Ordning for hovudgudsteneste» er det overordna regelverket for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja.
- 2 Hovudgudstenesta er hovudsamlinga i kyrkjelyden på søndagar og helgedagar, som biskopen har fastsett (jf. § 3 i Tjenesteordning for biskoper (TOB)). Andre gudstenester på søndagar og helgedagar enn dei biskopen har fastsett, kan òg reknast som hovudgudstenester når soknerådet gjer vedtak om det, jf. punkt 57–60.
- 3 Regelverket gjeld for kvar hovudgudsteneste (jf. del B), fastsetjing av den lokale grunnordninga for hovudgudstenester i kyrkjelyden (jf. del C) og kven som har avgjerdsmakta for begge (jf. del D). Regelverket skal sikra felles ramme og innhald for feiringa av hovudgudstenester i Den norske kyrkja.

Regelverket er utforma som

- Allmenne føresegner
 - Liturgiteksten i Ordning for hovudgudsteneste
 - Rubrikkar i Ordning for hovudgudsteneste
- 4 Allmenne føresegner gjeld både hovudgudstenesta og andre gudstenester som kyrkjelyden feirar, så sant dei handlar om det same.
 - 5 Unntak frå regelverket kan berre gjerast dersom ordninga sjølv eller dei ulike ledda opnar for det.
 - 6 Biskopen kan etter søknad godkjenne at kyrkjelydar held fram med å bruka liturgiane frå 1920 og 1977, eller delar av dei, anten fast eller nokre gonger i året. Ei slik godkjenning kan ein få for inntil fire år om gongen. Soknemøtet skal få høve til å koma med sitt syn før soknerådet sender ein slik søknad. I kyrkjelydar som nyttar samisk språk, gjeld den liturgien som blir brukt i dag, til det ligg føre godkjende samiske omsetjingar av Ordning for

hovudgudsteneste.

- 7 Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudsteneste gjeld òg dåp. Sjå Allmenne føresegner for dåp.

definisjonar

- 8 *Lokal grunnordning* er dei reglane om utforming av hovudgudstenesta som soknerådet vedtek innanfor ramma av Ordning for hovudgudsteneste, og dei reglane som gjeld for denne ordninga (jf. del C).
- 9 *Liturg* er ordinert prest eller ein annan person med fullmakt frå biskopen til å forretta gudstenester, og som har hovudansvaret for den aktuelle gudstenesta.
- 10 *Medliturg* er alle som i tillegg til liturgen gjer liturgiske oppgåver i gudstenesta.
- 11 *Kyrkjemusikar* er kantoren eller organisten i kyrkjelyden. Ved enkeltgudstenester (jf. del B) er det tenestegjerande kyrkjemusikar, og ved fastsetjing av lokal grunnordning (jf. del C) den fast tilsette kyrkjemusikaren.

B | Reglar for den enkelte hovudgudstenesta

- 12 Ei brei og samansett gruppe frå kyrkjelyden bør vera med og førebu og gjennomføra hovudgudstenesta. I gudstenesta skal ein leggja vekt på universell utforming.
- 13 *Liturgen* har det overordna ansvaret med å førebu og gjennomføra hovudgudstenesta (jf. punkt 71). Liturgen har rett til å ta avgjerder på alle andre område enn der andre har avgjerdsrett (jf. § 7 i Tjenesteordning for menighetsprester).
- 14 *Tenestegjerande kyrkjemusikar* samarbeider med liturgen om førebuing og gjennomføring av gudstenesta og har ansvar for det musikalske innhaldet i gudstenesta, og skal i tillegg gje råd og rettleiing til andre som utfører musikalske oppgåver i gudstenesta, jf. punkt 73.
- 15 Dei gudstenestlege funksjonane til *kateketen* og *diakonen* er regulerte av eigne retningslinjer (jf. Retningslinjer for kateketens og diakonens gudstjenestlige funksjoner).
- 16 Den avgjerdsmakta *soknerådet* har for hovudgudstenesta, gjeld vedtak som bli fastsett i ramma av Lokal grunnordning (jf. punkt 68).
- 17 Prestar ber alba og stola når dei utfører liturgiske handlingar i hovudgudstenesta. Om annan bruk av liturgiske klede, sjå Rettleiing for bruk av liturgisk drakt.
- 18 Liturgen skal før gudstenesta sjå til at alt er lagt til rette for at dåp, forkynning, forbøn og nattverdsfeiring kan gå føre seg på ein forsvarleg måte i den enkelte hovudgudstenesta, og at medliturgane har fått nødvendig opplæring.
- 19 Kyrkjetenaren, klokkaren eller den som har klokkarfunksjonen, ser til at kyrkjerommet og utstyret er i orden og klart til bruk. Klokkaren kan ha eit koordinerande ansvar for andre medliturgar.
- 20 I hovudgudstenestene i kyrkjelyden skal hovudregelen vera at ein bruker salmar frå godkjende salmebøker eller frå salmedatabasen til Kyrkjerådet.
- 21 Kyrkjelyden står
- under inngangsprosesjonen
 - under evangelieprosesjonen
 - under hallelujaomkvede og lesinga av evangelieteksten
 - under truvedkjenninga
 - når ein minnest dei døde
 - under nattverdsliturgien frå prefasjonsdialogen og fram til utdelinga byrjar
 - under velsigninga
 - under utgangsprosesjonen

Spørsmålet om kyrkjelyden skal stå under første og siste salmen og eventuelt under andre ledd enn dei som er nemnde ovanfor, blir avgjort i den lokale grunnordninga.

22 Plassering i kyrkjerommet

Når ein skal vurdera plasseringa av dei medverkande under gudstenesta, må ein ta omsyn til korleis kyrkja er utforma. Liturgen bør ha ein synleg plass i koret eller nær altaret for å visa at han/ho leier gudtenesta. Liturgen skal halda til her når han/ho ikkje har bestemte oppgaver.

Når medliturgen les bibeltekstar og bønner, er det vanleg å bruka lesepulten.

23 Fotografering og lyd- og biletopptak til bruk i offentleg samanheng kan gjerast berre dersom liturgen og kyrkjemusikaren på førehand har gjeve samtykke til det. Privat fotografering, sjå punkt 67.

24 Grunnstrukturen og hovuddelane i hovudgudstenesta er:

- I Samling
- II Ordet
- III Forbøn
- IV Nattverd
- V Sending

I særskilde høve kan ein vika av frå grunnstrukturen. Biskopen skal godkjenna avvika, og søknaden sender ein tenesteveg.

25 Reglar som gjeld hovuddelane i gudstenesta, er utforma dels som rubrikkar til dei ulike ledda i Ordning for hovudgudsteneste eller som nedanfor (punkt 26–50):

i | samling

26 Syndsvedkjenninga kan koma anten i samlingsdelen eller i forbønsdelen. Soknerådet kan søkja biskopen om å få bruka godkjend ordning for skriftemål i hovudgudstenesta i staden for syndsvedkjenning.

27 Når det gjeld dåp, sjå ledd 7 i Ordning for hovudgudsteneste, Lovsong Gloria.

ii | ordet

28 *Tekstane som blir lesne*, skal hentast frå godkjend tekstbok for Den norske kyrkja. Evangelieteksten skal lesast i kvar hovudgudsteneste.

29 Preika blir til vanleg halden over evangelieteksten eller ein annan preiketekst som er fastsett av Kyrkjerådet. Forteljingsteksten kan koma i staden for den oppsette preiketeksten.

I særlege tilfelle kan liturgen preika over ein fritt vald bibeltekst.

iii | forbøn

30 Forbøna i gudstenesta bør vera lokalt forankra, og forbønsleiaren bør helst vera ein medliturg.

Ved utforming av bønner bør ein leggja vinn på inkluderande språkbruk.

iv | nattverd

31 Liturgen leier nattverdsfeiringa. Liturg som er ordinert prest, ber messehaket, jf. Rettleiing om bruk av liturgisk drakt.

32 Brødet og vinen kan setjast på altaret eller på eit sidebord før gudstenesta, eller det kan berast inn når gudstenesta tek til, og setjast anten på altaret eller på sidebordet. Liturgen har ansvaret for at det er nok og eigna brød og vin til nattverden.

- 33** Nattverdsbrødet kan vera syra eller usyra brød. Brødet kan ein gje som oblat, eller bryta det frå eit felles brød. Av omsyn til personar med cøliaki bør det brukast berre glutenfritt brød. Oblatar skal vera glutenfrie.
- 34** Nattverdsvinen kan vera alle slag rein, vanleg druevin – kvit eller raud. Ein kan òg bruka avalkoholisert vin av alle slag. Soknerådet avgjer kva slags vin som skal brukast. Alkoholhaldig vin kan blandast med opptil 50 % vatn dersom soknerådet vedtek det.
- 35** Utdelinga kan gå føre seg ved knefall ved altarringen (felles eller kontinuerleg) og/eller ståande i andre delar av kyrkjerommet. Det vanlege under ståande nattverd er at kvar kommunikant tek med seg ein særkalk fram til utdelingsstaden og tek imot vinen i denne kalken. Intinksjon (dypping) kan òg nyttast.
- 36** Liturgen kan få hjelp av ein eller fleire medliturgar, som er med både under førebuinga av måltidet og under utdelinga.
- 37** Liturgen avgjer kva for nattverdsbøn som skal nyttast, og leier denne bøna. Liturgen skal alltid messa eller seia fram den innleiande prefasjonsdialogen og innstiftingsorda, helsa kyrkjelyden under fredshelsinga og seia tilseiingsorda. Ein medliturg kan seia fram delar av nattverdsbøna. Ved utdelinga deler liturgen ut brødet.
- 38** Brød og vin som blir til overs etter utdelinga, må handsamast på verdig vis.
- 39** Alle som er døypte kan ta del i nattverden.
- 40** Dei som kjem fram til nattverdsbordet og ikkje ønskjer å ta imot nattverden, blir velsigna med handspålegging eller krossteikning og velsigningsord av den som deler ut brødet (jf. ledd 21 i Ordning for hovudgudsteneste). Dei som ikkje ønskjer å ta imot nattverden, men gjerne vil bli velsigna, kan visa det ved å leggja høgre handa på venstre skuldra.
- 41** Av pastorale og kyrkjelege omsyn kan presten i kyrkjelyden nekta ein person som lever i openberr strid med kristen tru og moral, nattverd. Dersom det blir aktuelt å nekta ein medlem i Den norske kyrkja tilgjenge til nattverdsbordet, skal saka leggjast fram for biskopen.

v | sending

- 42** I hovudgudstenestene er det vanleg å bruka den aronittiske velsigninga, og alltid når ein feirar hovudgudstenesta som høgmesse.

Prosesjonar

- 43** Dei som er med i prosesjonar, representerer heile kyrkjelyden. *Inngangsprosesjonen* går føre seg under preludiet/forspelet eller inngangssalmen. Medliturgane og eventuelle dåpsborn/dåpskandidatar med følge kan vera med i inngangsprosesjonen. Dersom ein bruker prosesjonskross, skal det alltid berast fremst i prosesjonen. Det same gjeld prosesjonslys, som ein ber ved sida av kvarandre litt bak prosesjonskrossen (jf. punkt 67). Ein kan òg bera inn brødet og vinen, dåpsvatnet, Tekstboka eller Bibelen og eventuelle gjenstandar som har med temaet i gudstenesta å gjera. Liturgen går sist. Før prosesjonen kan liturgen eller ein av dei som deltek, be ei kort bøn. *Utgangsprosesjonen* går føre seg under postludiet eller utgangssalmen. Liturgen avgjer rekkjefølgja av dei som skal vera med i utgangsprosesjonen. Det er vanleg at kyrkjelyden følgjer prosesjonen ut av kyrkja.
- 44** *Evangelieprosesjon* kan nyttast under evangelielesinga. Under evangelieprosesjonen syng kyrkjelyden hallelujaomkvede eller salmevers.
- 45** *Festprosesjon* er naturleg ved dei kyrkjelege høgtidene og på spesielle festdagar i kyrkjelyden, like eins ved konfirmasjon og vigslingshandlingar. Under festprosesjonen kan det ringjast med alle klokkene, eller det kan kimast til prosesjonen kjem inn i kyrkjerommet.

Bruk av lys

- 46** Brennande altarlys (og påskelys) symboliserer Kristi nærvær i kyrkjelyden. Ein bruker berre kvite, levande lys. Etter gammal tradisjon i Den norske kyrkja har altaret to lysestakar, kvar med eitt lys. Er det fleire lysestakar, skal ein ta bort frå altaret dei som ikkje er i bruk under gudstenesta. Der interiøret i kyrkja gjer det naturleg, kan ein setja låge lys på eine kortsida av altaret, eller lysa kan stå til dømes i stakar på golvet.
- 47** Når andre lys i kyrkja skal tennast, til dømes etter at det er lese spesielle tekstavsnitt og i samband med dåpen (dåpslys), bør elden koma frå altarlysa eller påskelyset, etter den skikken som er i kyrkjelyden. Soknerådet gjer vedtak om bruk av dåpslys i samråd med prestane i kyrkjelyden (se punkt 64). Meir utdjupande reglar finn ein under Rettleiing om liturgisk inventar og utstyr.
- 48** Påskelyset skal først og fremst brukast ved påskennattsgudstenesta. Det kan stå tent i altarområdet under alle gudstenestene i påsketida, til og med helgetorsdag. Elles i året kan det stå ved døypefonten og brenna under dåpshandlinga.
- 49** Ein lyshaldar eller lysglobe kan stå på ein høveleg, men brannsikker stad i kyrkjerommet, gjerne i koret eller ved inngangen. Utforminga må vera tilpassa kyrkjerommet. Lyshaldaren eller lysgloben skal ha eit lys som kan fungera som Kristuslys. Bruken skal tilpassast den lokale tradisjonen. Meir utdjupande reglar finn ein under Rettleiing om liturgisk inventar og utstyr.

Bruk av kyrkjeklokkene

- 50** Sjå Rettleiing om bruk av kyrkjeklokkane.

C | Reglar for fastsetjing av Lokal grunnordning

- 51** Soknerådet har ansvar for å utarbeida framlegg til *Lokal grunnordning* for gudstenestelivet i kyrkjelyden. Dei vedtaka som soknerådet gjer, skal skrivast i ein protokoll.
- 52** Soknerådet kan setja ned eit gudstenesteutval til å førebu og utarbeida framlegg til vedtak. Dersom det blir sett ned eit gudstenesteutval, har soknepresten sete i utvalet som leiar av gudstenestelivet i kyrkjelyden, som fagperson i teologi og liturgikk, og i samsvar med ordinasjonslovnaden (jf. *Ordning for vigsling til prestetjeneste og Tjenesteordning for menighetsprester* § 10 andre ledd). Kyrkjemusikaren har sete i gudstenesteutvalet ut frå ansvaret med å leia det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjelyden og som fagperson i liturgikk og kyrkjemusikk. (Når det gjeld kantor, sjå punkt 9 i *Ordning for vigsling til kantortjeneste* og § 2 i *Tjenesteordning for kantor*.)
- 53** Før den lokale grunnordninga blir endeleg fastsett, skal prestar, kyrkjemusikarar, kateketar, diakonar og andre tilsette i kyrkjelyden som er involverte i gudstenestearbeidet, få høve til å koma med sitt syn på framlegget. Deretter skal framlegget leggjast fram for *soknemøtet* til drøfting og fråsegn (jf. punkt 69).
- 54** Den lokale grunnordninga blir vedteken for ein fastsett periode, helst 2–4 år.
- 55** Vedtaket i soknerådet om Lokal grunnordning skal sendast tenesteveg til biskopen, som har avgjerdsrett (jf. TOB § 4). Fråsegner frå soknemøtet, frå eit eventuelt mindretal i soknerådet og eventuelt frå soknepresten følgjer saka.
- 56** Den lokale grunnordninga som soknerådet vedtek, skal gjerast kjend for kyrkjelyden og er ei bindande ordning. Ein planlegg og gjennomfører hovudgudstenestene i kyrkjelyden i samsvar med grunnordninga.
- 57** I Lokal grunnordning gjer ein vedtak om høgmesse og andre typar hovudgudstenester. Med andre typar hovudgudstenester er meint hovudgudstenester som kyrkjelyden bruker å feira, og som har ein eigen profil eller eit lokalt særpreg.

58 Soknerådet fastset ulike typar hovudgudstenester innanfor ramma av Ordning for hovudgudsteneste med rubrikkar. Ein kan òg bruka liturgisk materiale frå tidlegare ordningar som er godkjende til bruk i Den norske kyrkja, mellom anna Forenkla høgmesse og Preikegudsteneste, når Ordning for hovudgudsteneste opnar for det.

59 Desse elementa skal vera med i alle hovudgudstenester:

- Salmar
- Inngangsord
- Samlingsbøn
- Syndsvedkjenning
- Tekstlesing (evangelium)
- Preike
- Truvedkjenning
- Forbøn
- Fadervår
- Velsigning

Normalt skal det feirast nattverd i hovudgudstenesta.

60 Når soknerådet skal fastsetja dei ulike typane hovudgudstenester, skal det vera tydeleg kva som er fast, og kva som er skiftande. Dei vedtaka ein gjer, blir rammene for feiringa av hovudgudstenesta.

61 Der det er naturleg, kan ein bruka andre språk i enkeltledd.

62 Lokalt utforma samlingsbøn og syndsvedkjenning som skal brukast fast i gudstenesta, skal sendast tenesteveg til biskopen, som tilsynsorgan (jf. TOB § 1) for godkjenning.

63 Kyrkjelydar som ligg i forvaltningsområdet for samisk språk, pliktar å bruka samisk språk i gudstenestelivet. Dette må innarbeidast i Lokal grunnordning.

64 I desse spørsmåla er det soknerådet som tek avgjerd:

(Ledd i Ordning for hovudgudsteneste = HG, Ordning for Dåp = D, punkt i Allmenne føresegner for hovudgudsteneste = pkt., og Allmenne føresegner for dåp = D pkt., Kyrkjelova = Kl.)

- utforming av førebuingdelen til gudstenesta (HG ledd 1)
- kva samlingsbøner som skal brukast til kva type gudsteneste (HG ledd 4)
- bruk av dåpslys (D III)
- når i gudstenesta det fulle namnet til dåpsbarnet/dåpskandidaten skal nemnast (HG ledd 1, 16 og D I)
- plassering og val av syndsvedkjenning(ar) til kva type hovudgudsteneste (HG ledd 5)
- val av variantar av Kyrie og Gloria (HG ledd 6 og 7)
- bruk av ulike litani (HG ledd 6 og 17)
- om og eventuelt når ein skal bruka Dagens bøn (HG ledd 8)
- kor mange tekstlesingar det skal vera i dei ulike typane hovudgudstenester (HG ledd 9–11)
- bruk av den apostoliske og/eller den nikenske truvedkjenninga ved høgtider og andre gudstenester (HG ledd 14)
- om det skal vera kunngjeringar i gudstenesta
 - i byrjinga av forbønsdelen eller ein annan stad (HG ledd 16)
- kvar ein skal plassera eventuelle vitnemål, helsingar og forbønssønske
- val av forbøner og kyrkjelydssvar (HG ledd 17)
- om ein skal bruka ordninga med å minnast dei døde og be for dei sørgjande etter forbøna

(HG ledd 17)

- plassering og måtar å samla inn takkofferet på (HG ledd 18 og 19)
- val av offerformål (kl § 9 tredje ledd)
- frambering av nattverdsgåvene (HG ledd 19)
- val av druevin, kvit eller raud, avalkoholisert eller alkoholhaldig (pkt. 34)
- bruk av syra eller usyra brød eller oblatar (pkt. 33)
- utdelingsstad ved nattverden (ved altarringen eller ein annan stad i kyrkjerommet) (pkt. 35, HG ledd 21)
- utdelingsform ved nattverden (pkt. 35, HG ledd 21)
- tekstform i Fadervår (HG ledd 20)
- bruk av den andre delen i Fredshelsing (HG ledd 21)
- bruk av kyrkjeklokkene (pkt. 50)
- om kyrkjelyden skal sitja eller stå under første og siste salme og eventuelt andre salmar (pkt. 21)
- val av liturgisk musikk til desse ledda:
Bønerop (Kyrie), Lovsong (Gloria), Halleluja (ledd 12), Truvedkjenning (Credo), Kyrkjelydssvar (Forbøn), Helsing (Prefasjonsdialog), Heilag (Sanctus), Fadervår, Du Guds Lam (Agnus Dei), Velsigning
- om truvedkjenninga skal lesast og/eller syngjast
- om Fadervår skal lesast og/eller syngjast

65 I den lokale grunnordninga set ein opp retningsliner for hovudgudstenestene i årsplanen for kyrkjelyden, etter fastsetjing frå biskopen. Her fastset ein

- kor ofte ein skal feira dei ulike typane hovudgudsteneste i kvar av kyrkjene
- i kva for ei kyrkje ein skal feira dei særskilde høgtidsdagane, eventuelt veksla frå år til år
- korleis trusopplæring i kyrkjelyden skal integrerast i gudstenestefeiringa
- korleis ein i gudstenestelivet skal ta omsyn til dei planane kyrkjelyden har på andre område, til dømes når det gjeld diakoni, kyrkjemusikk og misjon

Soknepresten leier arbeidet med å utarbeida halvårsplanar eller årsplanar i samarbeid med resten av staben. Planen skal leggjast fram for soknerådet for godkjenning.

I kyrkjer der det ikkje er høgtidsgudsteneste på førstedagar, kan høgtidsgudstenesta haldast andredagar.

66 I Lokal grunnordning skal det gjerast vedtak som gjeld dåp i hovudgudstenesta:

- kor ofte det kan vera dåp i hovudgudstenester
- eventuelle reglar for kor mange dåpsborn/dåpskandidatar det kan vera i ei og same gudsteneste
- plasseringa av dåp i gudstenesta

67 I Lokal grunnordning skal det gjerast vedtak som gjeld praktiske spørsmål:

- om bruken av kyrkjerommet før, under og etter gudstenesta
- bruk av medliturgar og andre som hjelper til (punkt 10)
- eventuell bruk av liturgiske klede for ikkje-vigsla medliturgar (punkt 17)
- bruk av prosesjonar, prosesjonskross og prosesjonslys (punkt 43)
- retningsliner for privat fotografering og lyd- og biletopptak under gudstenesta
- andre faste rutinar ut frå lokalt særpreg og behov

D | Avgjerdsomt

68 Soknerådet vedtek Lokal grunnordning og sender henne om prosten og til biskopen (jf. punkt 55). Biskopen ser til at den lokale grunnordninga er i samsvar med Ordning for

hovudgudsteneste, og melder tilbake til soknerådet. Som tilsynsorgan kan biskopen krevja endringar og koma med nærare rettleiing om gudstenestelivet i kyrkjelyden (TOB § 4).

Dersom soknerådet vedtek fleire gudstenester i Lokal grunnordning enn dei som er fastsette, må eventuelle økonomiske plikter avklarast med gjeldande styresmakt (bispedømmerådet og/eller fellesrådet).

- 69** *Soknemøtet* tek avgjerd om språk og målform for hovudgudstenesta, også om det i nokre gudstenester skal brukast eit anna språk eller ei anna målform. Soknemøtet tek òg avgjerd i val av godkjend salmebok (jf. kl § 11).

Før den lokale grunnordninga blir fastsett og send til biskopen, skal soknemøtet få uttala seg. Det same gjeld dersom soknerådet ønskjer å søkja biskopen om å få bruka tidlegare liturgiar (jf. punkt 6). Soknemøtet skal òg få uttala seg om endring av tidspunkt for hovudgudstenesta.

- 70** *Biskopen* fører tilsyn med at dei kyrkjelege råda i bispedømmet gjer arbeidet sitt i lojalitet med den evangelisk-lutherske læra (TOB § 1 tredje leddet). Biskopen ser til at prestane forvaltar sakramenta, forkynner og sjølve lever i samsvar med den kristne trua, slik ho er uttrykt i vedkjenninga og ordningane i kyrkja vår (TOB § 1 andre leddet).

Biskopen føreskriv gudstenester i soknekyrkjene i bispedømmet (jf. TOB § 3). Dette gjeld mellom anna talet på gudstenester i kvar enkelt kyrkje og tidspunktet for dei fastsette hovudgudstenestene. Dessutan utøver biskopen den makta biskopen har etter reglane for liturgien (jf. TOB § 4).

- 71** *Liturgen* har det overordna ansvaret med å førebu og gjennomføra gudstenesta, og gjer det i samarbeid med dei andre tilsette og frivillige i kyrkjelyden. Er det usemje om noko som gjeld ei gudsteneste, tek liturgen avgjerd innanfor ramma av Ordning for hovudgudsteneste og den lokale grunnordninga.

Liturgen tek avgjer i val av

- inngangsord
- lovnadsord etter syndsvedkjenninga
- andre predikantar enn liturgen sjølv
- preikeform
- nattverdsbøn

- 72** *Medliturgane* som hjelper til med å dela ut nattverd, skal normalt ha nådd den religiøse myndigalderen. Soknepresten godkjenner nattverdsmedhjelparar.

- 73** *Kyrkjemusikaren* skal gje rettleiing og råd om dei musikalske uttrykka. Oppgåvene til kyrkjemusikaren er regulerte av arbeidsomtalen som høyrer til stillinga. Oppgåvene og ansvaret til kantoren er regulerte av arbeidsomtalen og tenesteordninga for kantor.

- 74** Dei gudstenestelege funksjonane til kateketen og *diakonen* er regulerte av retningslinene som er utarbeidde for dei.

- 75** *Kyrkjerådet* kan gje nærare presiseringar av Allmenne føresegner.

- 76** *Kyrkjerådet* gjer vedtak om liturgiske forsøkssaker.

E | Ikraftsetjing og overgangsreglar

- 77** Regelverket gjeld frå den tid *Kyrkjemøtet* har fastsett.

- 78** Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudsteneste kjem i staden for

I Felles rettleiing (generalrubrikkar)

II Hovudgudstenester på søndagar og helgedagar

På sikt kjem dei òg til å erstatta

III Andre gudstenester bundne av kyrkjeåret

IV Andre gudstenester ubundne av kyrkjeåret, slik det står i *Gudstenestebok for Den norske*

kyrkja (Verbum 1996). Kyrkjemøtet fastset nærare reglar om punkt III og IV.

79 Allmenne føresegner kjem òg i staden for alt tidlegare regelverk i Forsøkssaker fastsette av Kyrkjerådet frå 1995–2010, med dei generalrubrikkane, allmenne føresegnene og rubrikkane som høyrer med, med mindre føresegner og rubrikkar frå dei er tekne inn i Allmenne føresegner og i rubrikkane i Ordning for hovudgudsteneste.

Dette gjeld forsøkssaker vedtekne i KR 23/95 om

- dåpslys
- alternative kyrkjelydssvar og forbøner i ordninga Familiegudsteneste
- alternative forbøner i ordninga Høgmesse
- forsakinga i gudstenesta
- særskilt om nattverd
- val av salmar utanom *Norsk salmebok*

Vidare gjeld det

- sak KR 57/96 (KR 63/96) Tillegg til *Norsk salmebok* (*Salmar 1997*)
- sak KR 16/02 Plassering av dåp
- sak KR 17/02 Bøner i konfirmasjonstida
- sak KM 10/04 / KR 21/05 Regional godkjenning av liturgiske forsøk (mellombels delegasjon til biskopane)
- sak KR 66/05 Prøving av NT-05 i gudstenesta
- sak KR 24/06 Forbøn for Sametinget